

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 28.11.2019

Alexander Fosse Andersen, SP, sette fram slikt endringsforslag på vegner av SP, AP, SV, MDG og KrF:

1. Fagtilboda for Stord vgs, avd. Vabakkjen og Bømlo vidaregåande skule vert vedtekne slik det går fram av saka med unntak av helse- og oppvekstfag (HO) og TO.
2. Fram mot handsaming i Fylkesutvalet og Fylkestinget må administrasjonen leggje fram eit notat som gjer greie for elevtal ved HO-tilboda i Region Sunnhordland skuleåret 2019/2020, dimensjonering for HO i gjeldande skulebruksplan for Region Sunnhordland, søkjartala til HO i Sunnhordland dei siste tre skuleåra, framtidig trong for arbeidskraft innan HO og kapasitet ved dei skulane i regionen som tilbyr HO i dag til ei eventuell auke av elevplassar på HO. Administrasjonen må og utgreie konsekvensen av å behalde TO-tilbodet på Bømlo vgs som i dag.

Rosalind Fosse, FrP, sette fram slikt tilleggspunkt:

Tilleggspunkt:

Hovedutvalg for opplæring og kompetanse understreker at dette vedtaket ikke betyr endring for akvakulturtilbudet på Austevoll vgs.

Avrøysting

Alexander Fosse Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Prosjektlearar sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Rosalind Fosse sitt forslag fekk fem røyster (1 FrP, 3 H og 1 R) og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek følgjande fagtilbod for Stord vidaregåande skule, avd. Vabakkjen, og Bømlo vidaregåande skule med unntak av helse- og oppvekstfag (HO) og TO.

Stord vidaregåande skule, avd. Vabakkjen:

Utdanningsprogram	Programområde	Tal elevar	Tal klassar
Bygg- og anleggsteknikk (BA)	Vg1	30	2
	Vg2 Tømrar	15	1
	Vg2 Betong og mur	15	1
	Sum utdanningsprogram	60	4
Elektrofag (EL)	Vg1	30	2
	Vg2 Elenergi og ekom	15	1
	Vg2 Automatisering	15	1
	Vg3 Automatisering	15	1
	Sum utdanningsprogram	75	5
Sal, service og reiseliv (SS)	Vg1	30	2
	Vg2 Sal og reiseliv	15	1
	Sum utdanningsprogram	45	3
Utdanningsprogram, forts	Programområde	Tal elevar	Tal klassar
Helse- og oppvekstfag (HO)	Vg1	45	3

	Vg2 Barne- og undomsarbeidarfag	15	1
	Vg2 Helsearbeidarfag	15	1
	Sum utdanningsprogram	75	5
Informasjonsteknologi og medieproduksjon (IM)	Vg1	30	2
	Vg2 Informasjonsteknologi	15	1
	Vg2 Medieproduksjon	15	1
	Sum utdanningsprogram	60	4
Teknikk- og industriell produksjon (TIP)	Vg1	45	3
	Vg2 industriteknologi	15	1
	Vg2 kjøretøy	15	1
	Sum utdanningsprogram	75	5
Innføringsklassar	Innføringsklassar for min.sprk.	35	2
	Sum	35	2
Særskilt tilrettelagt opplæring (STO)	HT BA og TIP	20	2
	Arbeidslivstrening (HTA)	30	3
	Sum	50	5
Sum Vabakkjen		475	33

Bømlo vidaregåande skule:

Utdanningsprogram	Programområde	Tal elevar	Tal klassar
Studiespesialisering (ST)	Vg1	60	2
	Vg2	60	2
	Vg3	60	2
	Sum utdanningsprogram	180	6
Helse- og oppvekstfag (HO)	Vg1	30	2
	Vg2 Helsefagarbeidar	15	1
	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidar	15	1
	Sum utdanningsprogram	60	4
Teknikk og industriell produksjon (TIP)	Vg1	30	2
	Vg2 Industriteknologi	15	1
	Vg2 Maritime fag	30	2
	Sum utdanningsprogram	75	5
Utdanningsprogram, forts	Programområde	Tal elevar	Tal klassar
Elektrofag (EL)	Vg1	30	2

	Vg2 Elenergi og ekom	15	1
	Vg2 Automatisering	15	1
	Vg3 Automatisering	15	1
	Sum utdanningsprogram	75	5
Naturbruk (NA)	Vg1	15	1
	Vg2 Akvakultur	15	1
	Sum utdanningsprogram	30	2
Sum Bømlo vgs		420	22

2. Fylkestinget vedtek framlagd rom- og funksjonsprogram med dei endringane som ligg i fagtilboda for Stord vgs, avd. Vabakkjen, og Bømlo vgs
3. Vidare prosjektgjennomføring føreset at utbygginga prioriterast i investeringsprogrammet i økonomiplanen.
4. Fram mot handsaming i Fylkesutvalet og Fylkestinget må administrasjonen leggje fram eit notat som gjer greie for elevtal ved HO-tilboda i Region Sunnhordland skuleåret 2019/2020, dimensjonering for HO i gjeldande skulebruksplan for Region Sunnhordland, søkjartala til HO i Sunnhordland dei siste tre skuleåra, framtidig trong for arbeidskraft innan HO og kapasitet ved dei skulane i regionen som tilbyr HO i dag til ei eventuell auke av elevplassar på HO. Administrasjonen må og utgreie konsekvensen av å behalde TO-tilbodet på Bømlo vgs som i dag.